

Nærings- og handelsdepartementet  
Postboks 8014 Dep.  
0030 Oslo

Dykkar ref.: 201003478-1

Vår ref.: 2010/100020

Oslo, 24.01.2011

### **Evalueringa av Innovasjon Noreg - høyringsfråsegn**

Det blir vist til brev frå Nærings- og handelsdepartementet 15.9.2010, der vi blir bedne om å gi kommentarar og innspel til evalueringa av Innovasjon Noreg.

Eit av hovudfunna i evalueringa er at Innovasjon Noreg truleg har medverka til auka verdiskaping i Noreg. Verkemidla treffer i høg grad målgruppa vekstverksemder, og Innovasjon Noreg er med på å realisere prosjekt som elles ikkje ville blitt gjennomførte. Evaluator finn ikkje behov for å endre organisasjonsstrukturen til Innovasjon Noreg.

I tillegg til desse hovudfunna gir evalueringa viktige og verdifulle innspel til korleis Innovasjon Noreg kan medverke endå betre i utviklinga av eit berekraftig næringsliv. Innovasjon Noreg vil gjere sitt beste for å oppnå dette, sjølv om budsjettsituasjonen vår i 2011 vil gi oss nokre ekstra utfordringar.

Hovudstyret i Innovasjon Noreg har handsama evalueringa, og har knytt følgjande kommentarar til evalueringa:

#### *Målstyring og styringsmodell*

I evalueringa blir det tilrådd at eigarane vurderer korleis styringssystemet og styringsdialogen mellom eigarane og Innovasjon Noreg kan utviklast, slik at hovudstyret blir eit meir aktivt organ i utvikling av Innovasjon Noreg som kunnskapsorganisasjon og som næringspolitisk premissgivar. Vidare blir det sagt at målstrukturen bør betrast og styringa av organisasjonen bør i skje på grunnlag av mål og rammestyring, ikkje detaljstyring som i dag. Alle aktivitetar og leveransar frå Innovasjon Noreg må kunne koplant til mål. I evalueringa blir det vidare foreslått at næringsutvikling basert på regionale føresetnader bør vere "gjennomgåande omsyn" i staden for delmål.

Innovasjon Noreg ønskjer at styret kan spele ei meir aktiv rolle i utvikling av organisasjonen, og ein overgang til rammestyring vil kunne gi styret naudsynt rom til dette. Om mål- og resultatstyringssystemet meiner Innovasjon Noreg i prinsippet at delmåla i eit fornya mål- og resultatstyringssystem ikkje bør vere overlappanda og at det i eit slikt system bør vere lett å kople tenester og program til delmål. Vidare meiner Innovasjon Noreg at viktige politiske ambisjonar, som til dømes dagens delmål om næringsutvikling basert på regionale føresetnader, ikkje bør vere "gjennomgåande omsyn" slik det blir foreslått i evalueringa, men framleis vere delmål. Innovasjon Noreg vil gjerne ta del i eit arbeid med fornya målstruktur.

*Auka innovasjonshøgda*

I evalueringa er det tilrådd å auka innovasjonshøgda i prosjekt i heile landet og at ein større del av verkemidla bør vere tilgjengelege for verksemdar i sentrale strøk.

Innovasjon Noreg er samd i desse tilrådingane. Samstundes meiner styret at desse tilrådingane heng saman. Det treng ikkje å vere problematisk at ein del av prosjekta Innovasjon Noreg finansierer, har låg innovasjonsgrad. Det vil i somme høve vere meir effektiv ressursbruk å ta i bruk eksisterande innovasjonar enn å støtte utvikling av nye innovasjonar.

Det er problematisk at det ikkje er mogleg å finansiere fleire innovative prosjekt i sentrale strøk. Der er det stort behov og potensial. Ein betre tilgang til midlar i sentrale strøk vil auka innovasjonshøgda i Innovasjon Noreg sin prosjektportefølje, og vil samsvare betre med Forskingsrådet si fordeling av midlar og leggje til rette for auka kommersialisering av forskingsresultat.

*Innovasjon Noreg som viktig innovasjonspolitisk rådgivar*

I evalueringa blir det tilrådd at Innovasjon Noreg bør få ei meir tydeleg rolle som rådgivar for næringspolitikken.

Innovasjon Noreg har gjennom sin representasjon i utlandet og i Noreg eit samarbeid med norsk næringsliv og politikkkutformarar på alle nivå som ingen andre enkeltaktørar kan vise til. Dette gir Innovasjon Noreg eit unikt utgangspunkt for å ta ein sterk posisjon som rådgivar for nærings- og innovasjonspolitikk. Innovasjon Noreg meiner at Noreg bør ha ein politikk som plasserer norsk næringsliv i verdsliten i innovasjon, og vår ambisjon er å vere den viktigaste rådgivaren for regionale og nasjonale styresmakter i dette arbeidet.

*Reduksjon av tal på tenester og program*

I evalueringa blir det sagt at talet på verkemiddel er unødvendig høgt, og at dette bør reduserast. I forkant av fusjonen hausten 2003 viste det seg at den nye organisasjonen Innovasjon Noreg ville kunne tilby 72 nasjonale ordningar. I tillegg fanst det opp mot 250 lokale og regionale tiltak. Dette er redusert til 64 nasjonale tenester og program, samt lokale og regionale ordningar.

Innovasjon Noreg har no sett i gang eit arbeid for å forenkle omfanget av tenester og program. Då Innovasjon Noreg vart oppretta, reduserte vi talet på tenester og program kraftig, og no gjer vi ei ytterlegare forenkling. Vidare meiner Innovasjon Noreg at ei endring til mål- og rammestyrt vil kunne gjere det lettare å etablere større kategoriar av tenester og program med bransjenøytral innretning. Innovasjon Noreg er bevisst at politiske ambisjonar lett vil kunne resultere i nye tilbod. Vi meiner at ein god dialog med våre oppdragsgivarar kan leggje til rette for best mogleg utnytting av eksisterande tilbod til nye politiske ambisjonar.

*Evaluering av utekontora si rolle med internasjonaliseringsarbeidet og effekten av arbeidet med profilering av Noreg som reisemål*

I evalueringa blir det skrive at det er naudsynt med ei meir fullstendig evaluering for å få betre kunnskapar om i kva grad utekontora si rolle i internasjonaliseringsarbeidet er formålstenleg organisert. Ansvarlege for evalueringa skriv òg at dei ikkje har hatt ressursar til å gjennomføre ei eiga evaluering av effekten av profileringsarbeidet, og heller ikkje korleis dette medverkar til målet om auka verdiskaping.

Nærings- og handelsdepartementet førebur ei evaluering av den internasjonale verksemda til Innovasjon Noreg.

Innovasjon Noreg ser positivt på den komande evalueringa av den internasjonale verksemda, og har bede om at vårt samla arbeid med internasjonalisering til og med 2010 (og ev. 2011) blir evaluert i dette arbeidet.

*Bygdeutviklingsordninga kan vidareførast innanfor Innovasjon Noreg*

Det blir skrive i evalueringa at bygdeutviklingsordninga utgjer ein stor del av verkemiddelbruken under delmålet om næringsutvikling basert på regionale føresetnader, men at ordninga medverkar lite både til innovasjon og til å oppnå dette delmålet. Det er foreslått at desse midlane blir forvalta utanfor Innovasjon Noreg.

BU-midlane er i sin natur noko ulik gruppa av klassiske IN-tenester/program, sjølv om desse midlane ikkje er åleine om å vere spesielle blant verkemiddel i Innovasjon Noreg. NILF si evaluering av BU-ordninga frå februar 2010 seier at Innovasjon Noreg har omfattande røynsle med investeringsverkemiddel og innovasjonstiltak, kan innordne verksemda si under regionale og sentrale oppdragsgivarar, og ser ikkje stor grunn til å endre det operative apparatet. Då verkemiddelapparatet for landbruk i 2000 vart slått saman med verkemiddelapparatet for anna næringsliv, var dette m.a. for å oppnå synergieffektar. Fleire tiltak medverkar til å integrere landbruket i ei heilskapleg næringsutvikling som til dømes samkøyring av grønt reiseliv med anna reiselivsutvikling og arbeid innanfor bioenergi, fornybar energi og bioteknologi. Det er viktig å kunne sjå BU-midlane i samanheng med andre program som Innovasjon Noreg forvaltar. Dette, i tillegg til samfunnsøkonomiske omsyn, tilseier at Innovasjon Noreg er godt eigna til å forvalte dei bedriftsretta BU-midlane.

*OFU/IFU er eit godt eigna tilbod i den vanskelege kommersialiseringsfasen*

Innovasjon Noreg meiner evalueringsmetoden av OFU/IFU i kap. 14 har manglar, og at det dermed ikkje er trekt riktige konklusjonar. I evalueringa er det sett på utvikling over ein fireårsperiode. Dette er for kort tid til å vurdere verdien av eit OFU/IFU-prosjekt.

Innovasjon Noreg meiner at OFU/IFU-programmet fungerer godt og gir viktig tilgang til kapital og kunde/marknad i den vanskelege kommersialiseringsfasen.

Ein avsluttande kommentar er at Innovasjon Noreg gjerne skulle sett at dei positive funna frå evalueringa gav utslag i ein betre budsjettsituasjon i 2011 enn det som er tilfelle. Trass i dette ser Innovasjon Noreg fram til vidare oppfølging av evalueringa og vil gjerne medverke i dette arbeidet.

Beste helsing  
Innovasjon Noreg

  
Reidar Sandal  
Styreleiar

Kopi: Riksrevisjonen